



Klima- og miljødepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Høyringsuttale - statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing i kommunane

Fylkesmannen viser til brev frå Klima- og miljødepartementet av 03.10.2017 om høyringsforslag til statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing i kommunane.

For å styrke kommunene sitt arbeid med klimatilpassing og for å følge opp føringer fra Meld. St.33 (2012–2013) om klimatilpassing, har regjeringa gjort vedtak om at det skal utarbeidast statleg planretningslinje (SPR) for klimatilpassing. Desse retningslinjene skal innarbeidast i dei eksisterande retningslinjene for klima- og energiplanlegging.

Departementet ber på bakgrunn av dette om at merknader til høyringsforslaget er avgrensa til å omfatte formål, verkeområde og klimatilpassing i retningslinja, og at eventuelle merknader til delen om klima- og energiplanlegging er avgrensa til tilfelle der dette er viktig for å sikre samanheng i retningslinjene.

Klimatilpassing

Fylkesmannen ser det som positivt at det blir utarbeidd statleg planretningslinje for kommunane som inkluderer klimatilpassing. Kommunane har gjennom ansvaret for arealforvaltning ei sentral rolle i arbeidet med klimatilpassing, og konsekvensane av eit endra klima må inn i all planlegging knytt til arealbruk, bygg, anlegg og infrastruktur.

Retningslinjene skal følgje opp føringar frå Meld. St. 33 (2012 - 2013). Fylkesmannen meiner denne Stortingsmeldinga må sjåast i samanheng med Meld. St. 29 (2011 - 2012) *Samfunnssikkerhet* og Meld. St. 10 *Risiko i et trygt samfunn*. Begge desse Stortingsmeldingane viser at det er ein sterk samanheng mellom førebyggjande samfunnstryggleik og klimatilpassing.

Planretningslinja har som mål å styrke klimatilpassingsarbeidet i kommunane. Klimatilpassing blir innarbeidd i eksisterande retningslinjer for klima- og energiplanlegging. Sidan klimatilpassing er eitt *nytt* tema i ein *eksisterande* planretningsline, meiner Fylkesmannen at klimatilpassing bør vere eit separat føremål med planretningslinja. Dette for at klimatilpassing skal kome tydelegare fram som eit likeverdig fokusområde.

Fylkesmannen er ein statleg høyringsinstans for kommunale planar. Eitt av områda vi har fokus på er ivaretaking av samfunnstryggleik i planar, gjennom til dømes risiko- og sårbarheitsanalysar. Fylkesmannen meiner at klimaendring, som kan leie til endra fare, risiko eller sårbarheit, er ein naturleg del av ein ROS-analyse. Vi saknar derfor at Fylkesmannen sitt ansvar innanfor klimatilpassing blir meir synleg, gjerne sett i samanheng med kravet til ROS-analyse i plan- og bygningslova.

Det blir mellom anna vist til fylkesvise klimaprofilar som eit viktig kunnskapsgrunnlag. I tillegg gjer vi merksam på at kommunane gjennom sivilbeskyttelseslova er pålagt å utarbeide heilskaplege ROS-analysar. Ein heilskapleg ROS-analyse skal gi oversikt over risikobildet i kommunen. Klimaendring, og korleis dette påverkar kommunen, er ein naturleg del av innhaldet i ein heilskapleg ROS-analyse. Analysen er vidare eit viktig kunnskapsgrunnlag for heilskapleg og langsiktig planlegging. Dette visest spesielt igjen i kravet om at funn frå den heilskaplege ROS-analysen skal danne grunnlag for langsiktige mål, strategiar og prioriteringar. Dette til dømes gjennom dokument som regional og kommunal planstrategi og kommuneplanen sin samfunnsdel.

Kapittel 4 inneheld ein del «fyllinformasjon» som ikkje gir føringar til kommunen sitt arbeid med klimatilpassing. Det er forbettringspotensial i korleis kapittel 4.1 er strukturert. Det bør kome tydelegare fram i tekststrukturen kva som er staten sine forventingar til korleis kommunane/fylkeskommunane skal nytte sine roller og verkemiddel til å arbeide med klimatilpassing.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
Ass. fylkesmann

Sveinung Dimmen
Samordnar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404	MOLDE
NVE Region Vest	Postboks 53	6801	FØRDE
Fiskeridirektoratet Region Møre og Romsdal	Postboks 185 sentrum	5804	BERGEN
Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE
Kystverket Midt-Norge	Postboks 1503	6025	ÅLESUND